

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Rune Garmann <rune.garmann@gmail.com>

Dato: 5. november 2023 kl. 15:38:44 CET

Til: Erlend Kvamsdal <erlevkam@online.no>

Emne: Vs: Søknad om økonomisk støtte til opplegg for flyktningar

Då har du litt lesestoff - send hjerne oppfylgjingsspørsmål.

Takk fo etterlysinga!

Rune

----- Videresendt e-post -----

Fra: **Rune Garmann** <rune.garmann@gmail.com>

Dato: tor. 2. nov. 2023 kl. 12:17

Emne: Søknad om økonomisk støtte til opplegg for flyktningar

Til: Post Masfjorden kommune <post@masfjorden.kommune.no>

Kopi: Dmytro Ostanin <prest@ortodoks.info>

Til Masfjorden kommune

v. ordføraren

Søknad om økonomisk støtte til sosialt tiltak for dei ukrainske flyktningane som bur i Masfjorden.

Underteikna, på vegne av Masfjorden sokneråd, har teke initiativ til å få til ei samling for ukrainarar som bur hos oss, der dei får møte landsmenn som held til i Bergen og omegn. Tanken er å bidra til at dei får eit godt nettverk, med gode relasjonar til andre i deira situasjon.

I januar gjennomførte vi ei julemarkering for ukrainarar i Fjon fjellkyrkje, i samarbeid med den ortodokse kyrkjelyden Kristi Åpenbarings Menighet i Bergen. Det vart ein susess, og vi ynskjer å halde fram det gode samarbeidet som det vart lagt grunnlaget for her.

Vi planlegg no eit arrangement i Masfjorden den 9. desember, der vi ynskjer å invitere ukrainarar i Masfjorden, Gulen, Austrheim og Fedje til eit møte med ukrainarar frå kyrkjelyden i Bergen, i tillegg til nyankomne ukrainarar som sit på mottak i Bergen.

Planen er å samle alle på Nordbygda samfunnshus, der ukrainarane sjølve skal førebu eigen mat, samstundes som det vert gitt tilbod om ortodoks gudsteneste i Frøyset kyrkje for dei som vil det. Deretter vert det eit felles måltid, før vi ryddar og vaskar ut samfunnshuset og deretter set kursen til Sandnes, der vi vert med på julekonserten den kl.17:00.

Det vert sett opp eigne bussar som kører frå Bergen og attende. Antalet bussar er enno ikkje heit klårt, men vi har fått eit gunstig pristilbod på køyringa. Det vert arbeidd for å organisere transport lokalt.

Vi arbeider med å få sett opp eit kostnadsoverslag, og det kan sjå ut som om vi kjem til ein stykkpris på i underkant av 400 kr, alt inkludert. Tanken er at mottaka i Bergen betalar for sine deltakarar, at kyrkjelyden i Bergen betalar for sine. Og så er det spørsmål om Masfjorden kommune vil bidra med å betale for deltakarane som bur hos oss. Det vil bli sendt liknande henvendingar til dei andre kommunane i distriktet også.

Det er ikkje meiningsa at dette skal vere eit «overskotsprosjekt». Eg vil difor be om tilslagn om ein økonomisk garanti for inntil eit beløp som kommunen sjølv bestemmer.

Det vert kontinuerleg arbeidd med planane for prosjektet, men vi kjem ikkje til å kunne gå ut med innbyding før vi veit at vi har økonomisk ryggrad til å gjennomføre opplegget. Eg vil difor setje stor pris på å få ei attendemelding så snart som det er praktisk mogleg.

Venleg helsing Rune Garmann